

**Skulen vil leige Fjellhaugen-hytta**

20.02.2009

**Rektor Vidar Haugland har søkt kommunen og Kvinnherad Røde Kors om løyve til å leige hytta til Røde Kors ved Fjellhaugen (biletet) i veke 11. Planen er at alle dei 65 elevane i klassane frå tredje til sjuande skal få høve til å opphalda seg der ein dag eller to.**



- Målet med søknaden er å gje alle elevane ved Uskedalen skule høve til å få ein dag eller to med naturoppleving og skitrening i eit fint fjellområde, og i tillegg gje elevane i 3.-7. klasse ei overnatting på hytta, skriv Haugland i søknaden.

Dei tenkjer å reisa frå skulen med den første gruppa måndag 9. mars og ned att med den siste gruppa fredag 13. mars. Rektor vil vera tilstades under heile opphaldet og ha det overordna ansvaret. Dette omfattar nødvendig informasjon om alle brannføresegner til dei tre vaksne som skal liggja i hytta saman med han kvar natt. Dei fire vaksne som er sett opp kvar natt vil også fungera som brannvakter etter oppsett plan.

Det er 13 elevar i tredje klasse, 15 i fjerde, 20 i femte og sjette og 17 i sjuande. Tredje klasse skal etter planen vera på hytta frå 9. til 10., fjerde frå 12. til 13., femte og sjette frå 10. til 11. og sjuande frå 11. til 12. mars.

Av Ola Matti Mathisen